



PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE FOR YTRE SOGN OG -SUNNFJORD

PPT for Ytre Sogn og -Sunnfjord er ei felles teneste for kommunane Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Masfjorden, Solund og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dersom det er trong for det, kan fleire fagpersonar koplast inn for å gje fullverdig utgreiing og hjelp til eleven/barnet.

Dei tilsette i PPT har fagkunnskap i høve:

- Pedagogisk kompetanse
- Psykologisk kompetanse

Kva gjer PPT.

- PPT er skulen og barnehagen sin næraste samarbeidspart i spørsmål som gjeld læring og trivsel for elevvar/barnehageborn.
- PPT er sakkunnig instans i dei høve der lova krev det.
- PPT føretek utgreiingar kring fagvanskar eller andre vanskar hos barn og ungdom. Dei gjev råd til lærarar, barnehagetilsette og foreldre om tilhøve som gjeld opplæringa.
- PPT samarbeider nært med skuler/barnehagar, og har pedagogiske drøftingar med rektor/styvar, rådgjevar, barnehagepersonell og kontaktlærarane på skulen. Dei vitjar og klassar/ barnehagar.
- PPT arbeider med einskildelevvar/barn og med klassar. Det er viktig å sjå eleven/barnet i samhandling med miljøet.
- Før PPT kan møte elevvar under 15 år, må det først fyllast ut eit tilvisingsskjema med foreldra si underskrift.

Korleis ta kontakt.

Når foreldra ønskjer kontakt med PPT er det vanlegast at dette vert ordna gjennom skulen eller barnehagen. Foreldra har og høve til å kontakte PPT direkte ved å nytte telefonnummera nedanfor.

PPT sin kontaktperson ved Holmedal montessoriskule er Sølvi Helle, telefon 57730722 / 46899228

Samarbeid med andre.

PPT samarbeider med dei andre hjelpeinstansane i kommunane (helsestasjonen, legane, barnevernet, fysioterapeutane), på fylkesnivå med t.d. Sentralsjukehuset (psykiatrisk poliklinikk og barneavd./barnehabilitering) og på statleg nivå med Stat ped. PP-tenesta kan difor hjelpe deg med å kome i kontakt med desse instansane.

PPT kan kontaktast i høve

- generell utvikling hos barnet
- psykisk helse hos barnet
- den sosiale og emosjonelle utviklinga
- språkutviklinga
- åtferdsvanskar
- lærevanskar, lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar
- konsentrasjons- og merksemdsproblem

PP-tenesta er gratis for elevane og foreldra.

Alle som arbeider i PP-tenesta har teieplikt.